

Områdeplan Sulafjellet:

Varsel om oppstart og høyring av planprogram

**Del B – Lag og organisasjonar, B01 – B09**

**Samandrag av merknader med kommentar**

	<b>Samandrag merknader:</b> Under er hovudinnehald i merknadene oppsummert. Alle originalmerknader i fulltekst blir vedlagt ved politisk behandling av planprogrammet.	<b>Plankonsulent si vurdering/kommentar og eventuell tilråding til endring.</b> Merknader som fører til tilråding om justering av innhold i planprogrammet blir kommentert særskilt, framlegg til endring blir markert med kursivskrift.
B01 – 20.10.21 Naturvernforbundet	<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Gondol på Sulafjellet er et stort og alvorleg inngrep i et urørt frilufts- og naturområde. Ønsker primært at planane skrinnleggast.</li> <li>■ Dersom det ikkevel skal byggast: <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Må det gjennomførast ei grundig og omfattande kartlegging og konsekvensutredning av det biologiske mangfaldet</li> <li>■ Sykling vil føre til stor slitasje på terreng og vegetasjon</li> <li>■ Skitrekket sør aust for Rundhoret vil i seg sjølv vere eit naturinngrep med uvisse konsekvensar</li> <li>■ Konsekvensen av auka biltrafikk til området må utgjeraast. Auka trafikk vil føre til klimautslipp, støy og støv som vil gå utover bumiljø</li> <li>■ Vil varetransport til restauranten vere med større bilar som nyttar anleggsvegar eller via Gondolen og korleis vil dette påverke Sulafjellet som friluftsområde?</li> <li>■ Det må vere fokus på fare for sprenging av framande artar i anleggsperioden. Det er uønskt plantegran på Sula i dag som burde fjernast</li> <li>■ Fotavtrykket frå ny infrastruktur må avgrensast og anleggsvegar tilbakestillaast og eksisterande stiar og turområde må takast vare på.</li> </ul> </li> </ul>	<p><u>Innhald planprogram:</u> Skitsert utgreiingsbehov fangar opp vurdering av biologisk mangfald, auka trafikk, bumiljø m.v. Merknaden krev ikkje justering av innhaldet i planprogrammet.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u> Varetransport til restauranten vil skje via gondolbana.</p> <p>Vi tek Naturvernforbundet sine øvrige innspel med oss vidare i planarbeidet. Det vil vere eit generelt mål å avgrense det totale fotavtrykket og ta vare på eksisterande stiar og turområde.</p>
B02 – 20.10.21 Sula rideklubb	<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Sula rideklubb er bekymra og ønsker svar på kor anleggsvegane vil komme. Stallen er ein del av Vasset frilufts- og idrettspark og det har vore innkjøyring forbode for andre enn brukarar. Ein anleggsveg vil komme i konflikt med ridestien, og verst dersom denne skal gå frå Jarnesøya og dersom anleggsvegen skal gå rett forbi stallen. Vil ridestien ev. bli erstatta?</li> </ul>	<p><u>Innhald planprogram:</u> Merknaden krev ikkje justeringar av planprogrammet.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u> Planprogrammet seier at det skal gjeraast vurdering av fleire alternativ for anleggsveg. Det er for tidleg å slå fast kvar anleggsvegen vil bli regulert, men vi er merksame på at eit</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gondolen vil gå over ridestien. Risikoen vil vere betydeleg for hest og rytter. Hestane reagerer på støy, bevegelsar og skuggar</li> </ul>	<p>alternativ via Jarneslø har klare ulemper i høve hestaktivitetten. Dette, saman med omsyn til ridestien generelt – vil bli vektlagt i vidare planarbeid.</p> <p>Om deler av ridestien blir aktuelt å nytte til anleggsveg, vil det til dømes vere mogleg å avtale kva tider på døgnet det ikkje skal vere anleggstrafikk på ridestien.</p> <p>Risiko i samband med ferdsel under gondolbana vil vere eit punkt i planen si ROS-analyse.</p>
B03 – 20.10.21 DNT	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltaka vil føre til svært omfattande inngrep i et prioritert inngrepsfritt naturområdet og et svært viktig friluftsområde både lokalt og regionalt. Og medføre inngrep i områder med utvalt naturtypar.</li> <li>Tiltaka vil vere svært synlege i landskapet og medføre karakterendring frå dagens urørte natur- og friluftslivområde. I fylkesplanen for inngrepsfrie naturområde i fylket, er Sulafjellet registrert som inngrepsfritt naturområde som av regionale og nasjonale omsyn bør gis særleg skyrring mot inngrep.</li> <li>Det vises også til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2019-2023, nasjonale miljømål og naturmangfaldslova</li> <li>DNT rådar sterkt frå at utbyggjar og kommunen går viddare med planen.</li> <li>DNT har likevel følgjande innspeil til planprogrammet som må vurderast før ev. utlegging til offentleg høyring:</li> <ul style="list-style-type: none"> <li>Oppfordrar til å sjå på eit mindre planområdet med mindre naturinngrep</li> <li>Alternativet med anleggsveg frå øst takast ut, då dette gi ei oppsplitting av eit svært stort natur- og friluftsområde</li> <li>Utgrei alternative plasseringar for gondol og stasjonar, jf. KU-forskrifta, som gir mindre inngrep i</li> </ul> </ul>	<p>Innheld planprogram: Vurdering av konsekvensar for natur, friluftsområde og landskap ligg inne i planprogrammet. I tillegg rår Nordplan AS til justeringar av planprogrammet som gjeld friluftsliv, naturmangfald, landskap og folkehelse, jamfør vår kommentar til Statsforvaltaren sine merknader.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u> Vi tek med vidare i planarbeidet DNT sine innspeil om avgrensing av det totale planområdet, alpinanlegg, INON-området, zip-line, behov for opparbeiding av stiar, ROS-analyse</p> <p>Anleggsveg: Vi er samde i at alternativ anleggsveg frå aust aukar det totale fotavtrykket og splitter opp naturområdet, og tek det med i vurderingane.</p> <p>Terrennginngrep for sykkel og langrenn innafor planområdet vil bli utgreidd, utanfor planområdet vil opparbeiding berre skje etter eigen spøknad.</p> <p>Plassering av gondol og stasjonar: Vi vurderer og omtalar ulike alternativ og variantar, men plassering av bunnstasjon nær Devoldfabrikken og toppstasjon på Rundehornet er blant dei grunnleggande premissane for planarbeidet.</p>

	<p>natur- og friluftsområda (INON-området). Alternativ med plassering av toppstasjon på mellomstasjon?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Utgreie alternativ utan alpinanlegg. Kystlyngheia må skånest. Det må konkretiserast behov for terregnbearbeiding knytt til nedfart og anleggsvegar.</li> <li>▪ Detaljregulere alpinanlegg?</li> <li>▪ Nordre løypa bør takast ut av tryggleiksgrunnar.</li> <li>▪ Alpinløypa ligg her nær den bratte nordsida av Rundhornet med rasproblematikk</li> <li>▪ Zip-line bør leggast så nær inntil gondol som mogleg for å unngå naturringrep</li> <li>▪ Terregnbearbeiding knytt til drifts- og anleggsvegar må utgreiaast og gis føringer om tilbakeføring av anleggsvegar.</li> <li>▪ Det kan bli behov for opparbeidning av stiar, pga. auka trafikk og for å hindre slitasje. I konsekvensutgreiinga bør det vere eit anslag på talet på besøkande og kor ein ønskjer å leie dem</li> <li>▪ Utgreiaast konsekvensar for terregningrep, sykkel og langrenn</li> <li>▪ At tiltaket er positivt for folkehelsa, må nyanserast i planprogrammet. Det er usikker om ein stor nok del av lokale/regionale vil bruke gondolen ofte nok til at det vil påverke folkehelsa, då er det turvegar og god tilrettelegging i nærområdet som er avgjerande</li> <li>▪ INON-området må konkretiserast og vektleggast meir som eit utgreiingstema i planprogrammet</li> <li>▪ Føreset at miljødirektoratet sin vegleiar vert nytta for utgreiing av konsekvensar for friluftsliv</li> <li>▪ Konsekvensane av korleis tiltaka vil bli synleg for friluftslivutøvar i ulike deler av Sulafjellet må utgreiaast.</li> <li>▪ Etablering av gondol vil føre til at betydeleg fleire og mindre friluftslivverfarne blir frakta opp i eit verutsatt og rastusett fjellområde. Risiko og naudsynte tiltak må vere med i ROS-analyse</li> </ul>
--	---

B04 – 22.10.21 Langervåg Indremisjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Meiner å ikke ha nok informasjon som beskriv konsekvensar og begrensingar som kan ha betydning for eigedom og drift av bedehuset. Dette vil vere avgjerande for å kunne gjeit eventuelt samtykke til plassering av den presenterte trase.</li> <li>▪ Krev å få avklart høgder.</li> <li>▪ Krev å få avklart nedfall. Kabeltraseen over parkeringsplassen kan medføre ulempe og utryggheit med tanke på å bevege seg under kablane. Representant for utbygger seier at nedfall er lite sannsynleg, men dersom det skulle skje vil utbygger bære alle kostnader. Det bes om at påstand og lovnad dokumenterast både teknisk og erføringsmessig.</li> <li>▪ Bedehusets takkonstruksjon er dimensjonert for videre påbygg i høgda. Denne moglegheita vil ikkje lenger vere til stades.</li> <li>▪ Det må gjennomførast taksering av eigedomen basert på no-situasjonen sett opp mot situasjon etter at eventuell gondolbane er etablert som tenkt. Forventa verditap krevjast dekket av utbygger.</li> <li>▪ Då det ikkje er mogleg å sjå alle konsekvensar før gondolbana eventuelt er i drift, krevjast det at utbygger tilbyr naudsynte avbøtande tiltak og kompensasjonar i en bestemt tidsperiode etter oppstart.</li> </ul>	<p><u>Innhald planprogram:</u></p> <p>Merknaden inneholder ikkje punkt som krev justering av planprogram.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u></p> <p>Detaljar som høgder, konkrete avgrensingar m.v. er for tidleg å sei noko om ved varsel om oppstart, det vil kome fram i endleg planframlegg.</p> <p>Det er naturleg at verditap som følge av eventuelle restriksjonar på eigedommen blir dekkja av tiltakshavar.</p> <p>Vi tek elles med oss innspela vidare i planarbeidet.</p>
B05 – 24.10.21 Molvær Barnehage – Marte Gundersen	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Stiller seg bak høyringssvaret frå «Utvale for Oppvekst»</li> <li>▪ Molvær barnehage nyttar aktivt området frå Sandvika, Blåfjell, Bukkene Bruse-brua, Harhaugen og ned til Bolvikka. Påpeikar at forslaget vil redusere området som barnehagen har tilgjengelag, og spesielt vil det redusere moglegheita for å utforske skog og natur.</li> <li>▪ Ber om at det vert greia ut om dei indirekte konsekvensane av innskrenka område og redusert tilgjengelaghet av skogsområde.</li> </ul>	<p><u>Innhald planprogram:</u></p> <p>Vurdering av barn og unge sine interesser er ein obligatorisk del av reguleringssplanarbeidet. Dette vil bli gjort i kapittel i planomtalen, ikkje som eiga konsekvensvurdering. For oversikten sin del rår vi til følgjande endring i kapittel 3.3 Konsekvensutredningstema:</p> <p><u>Nytt avsnitt: Barn og unges interesser.</u></p> <p><u>Utdrøningsbehov:</u></p> <p>Tiltaket vurderes opp mot barn og unges interesser, med spesielt fokus på trygge trafikklosninger og</p>

		<p><b>tilkomst til friluftsområder og oppholdsarealer.</b>  <b>Virkning for barnehagene sine ute-, inne- og turområde.</b></p> <p><b>Øvrige kommentarar:</b></p> <p>Om risiko:      I samsvar med kapittel 3.4 i planprogrammet skal det utførast ei analyse for risiko og sårbarheit (ROS-analyse). Denne kjem i tillegg til konsekvensutgreiingane og fangar opp er vurderingar for risiko og sårbarheit. Når det gjeld faremoment under eller nær gondolbane, vil dette bli tema både i ROS-analyza i reguleringsplanen og i baneleverandøren si sikkerheitsanalyse som skal ligge ved evt. søknad om driftstillatelse. Sikkerheitsanalyza vil ta for seg ei rekje forhold, mellom anna avstand til bygninga og fare for nedfall frå bane.</p>
B06 – 25.10.21 Vonløypa	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Styret i Vonløypa sei med stor bekymring på kva eit gondolprosjekt vil gjere med aktivitetene i fjellet. Etter 25 år med dugnad, og ikkje minst nesten 4 mill som innsamlede midlar frå næringsliv og privatpersonar, skal gjeraast om til eint anlegg- og beredskapsveg.</li> <li>▪ Ein stor og brei anleggsvei vil opne for meir motorisert ferdsel på fjellet. Dette er ikkje ynskjeleg.</li> <li>▪ Det stillast spørsmål ved tryggleiken til brukarar av løypenetett under gondolbana. Med spesiell tanke på nedfall av is og eventuelle andre glenstandar som kan falle ned.</li> </ul>	<p><b>Innhald planprogram:</b>      Merknaden inneheld ikkje punkt som krev justering av planprogram.</p> <p><b>Øvrige kommentarar:</b></p> <p>Alternativsvurderinga for anleggsveg vil avklare i kva grad Vonløypa er aktuell trasé for anleggsveg. Ein anleggsveg bør vere ca 4 meter brei, så noko opprusting av eksisterande veg vil vere naudsynt. Det vil likevel framleis vere mogleg å styre kva motorisert ferdsle som er tillate på veggen.</p> <p>Risiko i samband med ferdsel under gondolbana vil vere eit punkt i planen si ROS-analyse.</p>

B07 – 24.10.21  Vern om Sula, v/Lngvild Molvær De Lacovo	<p>Merknaden frå Vern om Sula (VoS) er eit omfattande og grundig dokument på 24 sider og 27 tema. Samandraget er korta ned ein god del, vi presiserer for denne merknaden spesielt at ein bør lese originalmerknaden som er vedlagt saka for å få med seg alle detaljar.</p> <p>VoS har sjølv oppsummert sine hovudpunkt i 9 punkt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Beskrivelser av tiltak som ikke inngår i planen må fjernes, slik at man kun beskriver det som faktisk skal utredes. (Tema 1)</li> <li>2. Reelle alternativer (inkludert nullalternativet) kreves utdret, jamfør Konsekvensutredningsforskriften (KU-forskriften). (Tema 2)</li> <li>3. Konsekvenser må utredes for mange flere tema og mye grundigere enn foreslått i planprogrammet. (Tema 3 - 17)</li> <li>4. Det må lages en detaljert plan for medvirking, involvering av dialog med berørte, grunnevrelse og kompensasjon. (Tema 18 - 21)</li> <li>5. Fremdriftsplan bør vurderes og justeres i henhold til behov i konsekvensutredningen (Tema 22)</li> <li>6. En forretningsplan må lages og beskrives i detalj og en plan for konsesjonsøknad (Tema 23 - 24)</li> <li>7. En plan for opprettelse og håndtering av midler som må avsettes for å sikre mulighet for å tilbakeføre til naturtilstanden ved en eventuell konkurs eller lignende. (Tema 25)</li> <li>8. Planprogrammet må ta hensyn til en rekke flere meldinger, planer og veileddere enn det som er tatt med i første utkast av planprogrammet. Avhengig av andre vurderinger må også flere lover tas med i beregningene. (Tema 26)</li> <li>9. Det bør innhentes en vurdering av hvorvidt det er lovlig å etablere en taubane over allerede eksisterende boliger, samt tilføye tivilløven dersom Zip-lines skal inkluderes. (Tema 27)</li> </ol> <p>Nokre detaljar frå dei enkelte tema (les originalmerknad for komplett oversikt):</p> <p>Tema 1 Planbeskrivelse</p>	<p><b>Innheld planprogram:</b> Nordplan AS kommenterer her innspeila frå Vern om Sula (VoS). Vi sorterer kommentarane etter dei 9 punkt VoS har oppsummert sin merknad etter. Tilrådingar om justeringar i planprogrammet står i kursiv.</p> <p><b>Punkt 1:</b> Beskrivelser av tiltak som ikke inngår i planen må fjernes, slik at man kun beskriver det som faktisk skal utredes. (Tema 1)</p> <p><b>Kommentar:</b> VoS påpeikar fleire punkt i Nordplan AS sin beskrivelse av formålet med reguleringsplanen i kapittel 1.2, samt eit avsnitt i kapittel 1.4 vedrørende gjeldande kommuneplan.</p> <p>VoS viser til fleire tekstar i planprogrammet som seier at det vil bli vurdert å etablere eit skitrekk/T-krok sør aust for Rundehornet – og påpeikar at det må inkluderaast som ein del av planprogrammet. Det ER ein del av planprogrammet, og det aktuelle arealet inngår i pianområdet/pianomrisset. Aktuelle konsekvensutgreiingar av naturmangfold, friluftsliv, urørt natur osv. vil omhandle også eit eventuelt skitrekk.</p> <p>Same forhold med Devoldhavna som VoS hevdar ikke inngår i planprogrammet. Eventuell utbygging av Devoldhavna er nemnt på to stader under formål i kap 1.2, under forurensing i sjø og under vannforskriften i kap 1.8, i tiltaksbeskrivelsen i kap 2.1, under planavgrensing i kapittel 2.21, under reguleringsformål i kap 2.3, under forurensing/støy og under infrastrukturi i kap 3.3. Den inngår i planprogrammet.</p> <p>Når det gjeld omtalen av Molvær kraftstasjon i kap. 1.2, tredje avsnitt på side 5, så rår vi til å presisere at eventuell opruttinga av kraftverket vil bli behandla i eigen prosess. Vi vil endre ordlyden i avsnittet slik:</p> <p>"Det er også et ønske om å re-establiere Molvær kraftstasjon for økt produksjon av fornybar energi. Det kan i så fall være aktuelt å kombinere øverste del av traséen for tilløpsrør med infrastruktur knyttet til gondolbanelegget. På området ved Devoldfabrikken vil det bli vurdert å regulere tomt for ny</p>
--	--	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Skildringar av tiltak som ikkje inngår i planen, må fjernast, slik at ein berre skildrar det som faktisk skal utgreiaest. <i>Kva tema dette omfattar er nærrare skildra i merknaden.</i></li> </ul> <p><b>Tema 2 Alternativsvurdering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Reelle alternativ (inkludert o-alternativet) vert kravd utgreia, jf. KU-forskrifta. Alternativa A er ikkje eit reellt alternativ, då dette er forkasta av kommunestyret. Alternative trasear må utgreiaest.</li> </ul> <p><b>Tema 3-17 Konsekvensvurdering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Konsekvensar må utgreiaest for mange fleire tema og mykje grundigare enn foreslått i planprogrammet. (Stikkordsmessig oppsummert):</li> <li>■ Vêrforhold/tåke, lokalklima</li> <li>■ Auka ferdsel på fjellplatået i ingrepssfri natur</li> <li>■ Naturmangfaldslova</li> <li>■ Naturkvalitetar og samanhengande naturområde</li> <li>■ Hekkande fuglar, trekkområder og habitatsområde</li> <li>■ Nasjonale miljømål</li> </ul> <p><b>Beredskap/Risiko:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Personuluukker som følgje av auka trafikk av lite fjellvande</li> <li>■ Tilkomst, sløkkevatn og naudnett</li> <li>■ Beredskap på Rundehornet utan køyretilkomst for brannbil</li> <li>■ Eigen beredskap for å handtere situasjonar i gondolen Samfunnstryggleik</li> <li>■ Brann- og redningsberedskap, flaum, skredfare, steinsprang, områdestabilitet ved topp og mellom stasjon, arealbehov (sikringssone trase), fare for ising, vind og tryggleik ved mastepunkt og kablar.</li> <li>■ Færre turområde for barnehagane og andre, konflikt med rideklubben sin ridesti</li> <li>■ Bruk av forsamlingshus og omsorgsbustadar under kryssande gondoltrase og over/nær bustadar.</li> </ul>	<p>Vi ser også at 3. avsnitt på side 6 om konstruksjonar og anlegg står seg like bra om den påpeika setninga blir fjerna, og rår til dette. "Målet er en utbygging som er skånsam mot naturen og som tilpassar seg denne".</p> <p><b>Punkt 2:</b> Reelle alternativer (inkludert nullalternativet) kreves utredet, jamfør Konsekvensutredningsforskriften (KU-forskriften). (Tema 2)</p> <p>Under dette punktet høver også kommentar til merknaden under punkt 1, der VoS viser til at det er tiltakshavar sine ønskje om start på Devoldfabrikken og slutt på Rundehornet som gir behov for ei vinkla bane med mellomstasjon.</p> <p><b>Kommentar:</b></p> <p>I Planarbeidet vil det opprinnelige alternativ A bli omtalt, som eit samanlikningsgrunnlag. Vi er merksame på at kommunestyret har avvist denne løysinga. Det vil også bli illustrert alternative trasear med andre startpunkt enn Devoldfabrikken, for å vise positive og negative sider for desse. Nest arbeid – og full utgreiing - vil bli lagt i ulike traséar/ variantar innanfor hovudalternativet som blir kalla alternativ B, for å finne den beste traséen, som har færrest ulemper.</p> <p>Når det gjeld regulering av alternativ som ikkje har startpunkt i området ved Devoldfabrikken, så kan Sula kommune sjølv sagt i ein områdereguleringsplan utgrelle trasé for gondolbane med startpunkt på alle moglege stader innanfor kommunen. Men i samarbeidsavtalen mellom tiltakshavar og Sula kommune om utarbeidning av planen, er formålet med planarbeidet mellom anna presisert til å "avklare ein mogleg trasé for gondolbane frå Devoldfabrikken til Rundehornet inkl bunn-, mellom- og topptasjon."</p> <p>Startpunkt i området ved Devoldfabrikken er ein føresetnad for avtalen og for det varsle planarbeidet. Sula kommune står sjølv sagt fritt til å utgrelle traséar med andre startpunkt, men det må i så fall skje etter ein annan avtale.</p>
---	--

	<p><b>Klima og samordna arealpolitikk</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Klimaendringer, energibruk, trafikksituasjon, trafikkflysingar, forventa bruk av tilbodet, estimat for passasjertrafikk og mål for sentrumsutvikling</li> <li>■ Samfunnssnytten, inverknad for næringsutvikling og sysselsetting må utgreast</li> </ul> <p><b>Landbruk</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Konsekvens for utmarksbeite inkl. også verknad på vedlikehald av naturområde</li> <li>■ Konsekvens for tradisjonsbruk, kulturmiljø og – landskap og utmarksinteresser i området</li> <li>■ Trafikk og infrastruktur</li> <li>■ Spesifisere forventa besøkstal med ulike transportmidde og påverknad på eksisterande båttrafikk, ferdsel på sjø og veg</li> </ul> <p><b>Trafikkanalyse og behov for utbetringar på vegnettet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Påverknad på parkeringssituasjonen</li> <li>■ Rekkefølgjekrav sikre gjennomføring av tiltak</li> <li>■ Konsekvensar for tema: utvikling, drift/vedlikehald av vegnettet, UU, samordna bustad, areal og transport, trafikktryggleik</li> <li>■ Behov for annan infrastruktur</li> <li>■ Gondolplanane og sentrumsplanen må sjåast i sammenheng</li> </ul> <p><b>Landskap</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Landskapsfagleg vurdering og visualisering. Fjern og nært, i dagslys og mørke</li> <li>■ Behov for hogst av skog</li> <li>■ Barn og unge sine interesser</li> <li>■ Omsyn til born og unges interesser</li> <li>■ Sula ungdomsråd må registrerast som høyringsspart</li> </ul> <p><b>Friluftsliv</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Korleis fjellet kan endre seg for dagens brukarar ved auka aktivitet</li> </ul> <p><b>Folkehelse</b></p>	<p><b>Punkt 3:</b> Konsekvenser må utredes for mange flere tema og mye grundigere enn foreslått i planprogrammet. (Tema 3 - 17)</p> <p><b>Kommentar:</b></p> <p>Mange av punkta som er nemnt under punkt 3 inngår allereie i planprogrammet. Desse blir ikkje kommentert under.</p> <p>Nokre punkt er samanfallande med innspel fra Statsforvaltaren, vi refererer først til justeringar av planprogrammet kapittel 3.3 Konsekvensutredningstema som Nordplan tilrår i kommentar til Statsforvaltaren:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Tillegg i avsnitt Friluftsliv: "Dagens bruk og ferdselsmønster på Sulafjellet skal synliggjøres."</li> <li>■ 3 tillegg i avsnitt for Naturmangfold: "..herunder kartlegge fugléri området. Vurdere kollisjonsfare og evt. annen påvirkning på funksjonsområde for fugl."</li> <li>■ "Konsekvensene for INON-området ved planlagt utbygging."</li> <li>■ "Konsekvenser for naturmiljø ved evt. utbygging i strandsona."</li> <li>■ Tillegg i avsnitt Landskap (under planforslaget sin visuelle påvirkning) : "Rydding av skog." Virkninger for naboer og nærområdeflyttes til kapittel Folkehelse</li> <li>■ Tillegg i avsnitt Forurensing/støy: "Lyssforurening, med særlig fokus på belysning i urøte naturområder."</li> </ul>
--	---	---

<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Folkehelsekonsekvensutgreiling og tidlegare uttalte behov for å ivareta turområde</li> <li>▪ Konsekvensar av heilårstilbod for ungdomsmiljøet</li> <li>▪ Kostnader ved bruk og kva brukargruppe som er hovudkundegruppe</li> </ul> <p><b>Støy og lys</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Retningslinjene T1442 – støy – må leggast til grunn</li> <li>▪ Støy i anlegg og driftsperioden, for heile anlegget</li> <li>▪ Konsekvensar av ny stor lyskjelde på Rundehornet, visualisering av lysforureining.</li> </ul> <p>Pandemi</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Pandemisituasjon – volumturisme og cruisepassasjerar</li> <li>▪ Eksisterande næringsliv og reiseliv</li> <li>▪ Vil gondolprosjektet fortreng eksisterande næringsliv og aktivitetar i sentrum/eksisterande næringsliv og aktivitetar i sentrum</li> <li>▪ Konsekvensar ved å gå inn i ein tyngre reiselivsnæring basert på volumturisme utan reiselivsstrategi i botnen.</li> </ul> <p>Tema 18-21: Medverkanad, kompensasjon, grunnsjølvirksomhet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det må lagast ein detaljert plan for medverkanad, involvering og dialog med berørte, oreligning og kompensasjon. Plan for erverv av grunn.</li> <li>▪ Ber om at ungdomsrådet, elderrådet, rådet for personar med funksjonsnedsettelse og Vern om Sula blir høyringspart.</li> </ul> <p>Tema 22: Framdriftsplan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Framdriftsplanen bør vurderast og justerast i samsvar med behov i konsekvensutgreilinga, feltarbeid bør utførast i perioden april – oktober.</li> <li>▪ Ønskjer todelt prosess, først områdepelan og deretter detaljreguleringsplan.</li> </ul> <p>Tema 23:Forretningsplan</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ein forretningsplan må beskrivast i detalj med investerings-, drifts- og finanskostnader.</li> <li>▪ Oppgi investorar i prosjektet, m.m.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Nytt avsnitt Folkehelse.</li> <li>▪ Punkt under utredningsbehov: "Vurdering av påvirkning på beboere under eller nær gondolbana, for eksempel innsyn fra gondol til bolig." "Aveining av positive og negative sider av endra tilgjengelighet til friluftsområdet på Sulafjellet."</li> </ul> <p>Endring i avsnitt Samfunnskonsekvenser:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Avsnitt om gondolbanens berøring av private eiendommer/fotavtrykk samt utredning av virkninger for boliger under eller nær banen flyttes til kapittel Folkehelse.</li> <li>▪ Vurdering av barn og unge sine interesser er ein obligatorisk del av reguleringsplansarbeidet. Dette vil bli gjort i kapittel i planomtalen, ikkje som eiga konsekvensvurdering. For oversikten sin del rår vi til følgjande endring: <i>Nytt avsnitt: Barn og unges interesser.</i></li> </ul> <p>Utdredningsbehov:</p> <p><i>Tiltaket vurderes opp mot barn og unges interesser, med spesielt fokus på trygge trafikklosninger og tilkomst til friluftsområder og oppholdsarealer. Virkning for barnehagene sine ute, inne- og turområde.</i></p> <p>Kommentar til tema 4 og 5, Beredskap og samfunnstryggleik: I samsvar med kapittel 3-4 i planprogrammet skal det utførast ei analyse for risiko og sårbarheit (ROS-analyse). Denne kjem i tillegg til konsekvensutgreilingane og fanger opp dei forhold som VoS peikar på. Når det gjeld faremoment under eller nær gondolbane, vil dette bli tema både i ROS-analysa i reguleringsplanen og i baneleverandøren si sikkerhetstanalyse som skal ligge ved evt. søknad om driftstillatelse.</p>
---	--

	<p>Tema 24: Konsesjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Vos meiner at plan for gjennomføring av konsesjonsknap skal inn i planprogrammet</li> </ul> <p>Tema 25:Fond for tilbakeføring av området</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Innspeil om pålegg om å setje midlar i eit "restauraeringsfond" som er under offentleg kontroll for å sikre mogleg tilbakeføring til naturtilstanden ved en ev. konkurs e.l.</li> </ul> <p>Tema 26: Relevanta planar og rettleiarar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Planprogrammet må ta omsyn til fleire meldingar og rettleiarar enn det som er tatt med i første utkast til planprogrammet. Vos oppgir ei lang rekke døme på meldingar som kan vere relevante i planarbeidet.</li> </ul> <p>Tema 27: Lovverk</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Tivollilova må inn pga zip-lines</li> <li>■ Det bør hentast inn ei vurdering av om det er lovleg å etablere ei taubane over allereie eksisterande bustadar. jf. § 1 Taubaneova og § 10-2, 2. ledd i forskrift om taubana</li> </ul>	<p>Til tema 7, Landbruksomsyn:</p> <p>Verknad for beiteområdet på Sulafjellet er nemnt i kapittel 1.8, kunnskapsgrunnlaget. Dette vil bli vurdert i planomtalet, ikkje som eiga konsekvensvurdering. For oversikten sin del rår vi til følgjande endring:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Nytt avsnitt for Jordressurser i kap 3.3 Konsekvensutredningstema med følgjande utgreilingsbehov: "Virkningsfor beiteområdet, evt. behov for fysisk eller elektronisk gjerdehald."</li> </ul> <p>Til tema 8, Trafikk og infrastruktur:</p> <p>Vedr. utgreiling om korvdat tiltaket vil utløyse behov for annan infrastruktur/ korleis vatn, avløp og straum skal løysast; Dette vil framgå av ein eigen VA-rammeplan, slik det er omtalt i kap. 3.3 under Infrastruktur</p> <p>Løysingar og vurderingar som er gjort i områdeplan for Langevåg sentrum vil bli vidareført så langt det er mogleg.</p> <p>Til tema 9, Landskap:</p> <p>Behov for hogst av skog vil bli utgjeira. Målet er at kun skog som står i wegian for fysiske installasjonar må fjernast – ikkje noko breitt belte som det blir referert til frå Voss.</p> <p>Ei realistisk visualisering av tiltaket i landskapet – som digital tvilling – vil bli utført.</p> <p>Til tema 15 Pandemisituasjon:</p> <p>Det er andre lover som styrer tiltak i ein pandemisituasjon, vi rår ikke til å ta dette inn i arbeidet med reguleringsplanen.</p> <p>Til tema 16 og 17 Fortrenging av eksisterande næringsliv, utredning av konsekvenser for Sula kommune å gå inn i tyngre reselivsnæring vs bostedskommune:</p> <p>Utarbeidning av verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet, som vil gi noko av svara som er etterlyst. Vi får ikkje til utgreiingar på temaet ut over dette.</p> <p><b>Punkt 4:</b> Plan for medvirkning, involvering av og dialog med berørte, grunneverbelse og kompensasjon. (Tema 18 – 21)</p>
--	--	--

	<p><b>Kommentar:</b> Sula ungdomsråd og Vern om Sula er lagt inn som høyringspart i kap 4.2.1. jamfør innspel i tema 10.</p> <p>Plan for dialog med berørte partar i perioden fram til politisk behandling av planforslag: I perioden desember-21 til og med mars-22 planlegg tiltakshavar å invitere til, arrangere eller vere tilgjengelige for;</p> <ul style="list-style-type: none"><li>■ Presentasjons- og dialogmøte med eigarar av nærliggende bustader (Remane, Molværsvegen, Karibakken; Mikalgården og Harhaugvegen), samt berørte grunneigarar.</li><li>■ Presentasjons- og dialogmøte med politiske/folkevalde grupperingar, herunder medlemsmøte, gruppemøte, utvalsmøte o.l.</li><li>■ Presentasjons- og dialogmøte med lokale lag og foreningar i medlemsmøte, styremøte eller eigne informasjons- og dialogmøte, herunder Vern om Sula, foreninga Vonløypa, Langevåg idrettslag, Rideklubben og andre faglie og/eller sosiale grupper.</li><li>■ Bemanna informasjonsareal på Devoldfabrikken på nærmere spesifiserte dagar.</li><li>■ For nærliggande beboarar og politiske grupperingar har vi som mål å arrangere møte på Norsk Maritimt Kompetansesenter/ AugmentCity AS for å vise den "digitale tvillingen" i fullversjon og 360-graders visning. Dette vil ha ei naturleg kapasitetsbegrensning på tal samlinger og samtidige deltagande. I øvrige sammenhengar vil den digitale tvillingen visast på vanleg lerret, supplert med oppdatert faktainformasjon.</li><li>■ Gjennom 1. kvartal 2022 vil prosjektorganisasjonen ha som prioritett å bidra mest mulig til ein konstruktiv og avkarande dialogprosess, og vil fortøpande kunne svare på spørsmål, vurdere innspel og gi tilbakemelding på mottatte forslag/innspel.</li></ul>
--	--

	<p>Eigedomsforhold:</p> <p>Eigedomsforhold for eigedommar i planområdet vil komme fram i reguléringsplanen, det er for tidleg å gå så detaljert til verks i planprogrammet, ikkje minst fordi planområdene svært stort, og det vil bli redusert i løpet av planprosessen.</p> <p>Spørsmål om berørté partar, sikringssone, m.v.:</p> <p>Ved føring av gondol over bustadområde, vil eigedommar og bustader i ulik grad bli påført ulemper av tiltaket. Både lovverk og rettspraksis tilseier at tiltakshavar må pårekne kostnader til kompensasjon, avbøtande tiltak, eventuelt innløsing av eigedom.</p> <p>Det er ikkje noko enkelt eller matematisk svar på kven som blir definert som berørt og er kvalifisert for ertstatning. Det er likevel skilnad på bustader som ligg innanför sikringssona på 2x20 meter som følger av Taubanelova og dei som ikkje gjer det, då bygg innafor sona vil få restriksjonar på byggjehøgde. Ulempa av desse restriksjonane vil igjen henge saman med kor høgt over bygga gondolbana går.</p> <p>Det er heller ikkje slik at bygg utanfor sikringssona automatisk er utelukka frå kompensasjon, ulempar som til dømes innsyn må vurderast i kvart enkelt tilfelle.</p> <p>Både krav om avbøtande tiltak, innløsing, kompensasjon og storleiken på denne, blir i første runde eit tilbod frå tiltakshavar og forhandling mellom tiltakshavar og dei som hevdar ulempa om ein frivillig avtale - slik det også blir der tiltakshavar treng å erva vere grunn til bygg og faste installasjonar. Bliar ein ikkje samde om ein avtale, må saka avgjeraast ved skjønn eller av domstol.</p> <p>Grunnverv:</p> <p>Kommune/tiltakshavar vil alltid ha dialog med grunneigarar i samband med aktuelt grunnverv før det blir gjort frebuingar til oreigningssak. Det skal vere siste utveg. Men først må planarbeidet komme så langt at ein veit kva eigedommar det er aktuelt å erverve grunn frå.</p>
--	---

	<p><b>Punkt 5:</b> Fremdriftsplan bør vurderes og justeres i henhold til behov i konsekvensutredningen (Tema 22)</p> <p><b>Kommentar:</b> Før arbeidet for konsekvensvurderingane starta i juni -21 og varer til hausten -21. Ved behov har ein høve til å ta supplerande undersøkingar våren 22.</p> <p><i>I alle høve ser vi behov for om lag 3 månaders forlenging av planprosessen, framdriftsplanen i planprogrammet er revisert i samsvar med dette.</i></p>	<p><b>Punkt 6:</b> Forretningsplan og plan for konsesjonssøknad (Tema 23 - 24)</p> <p><b>Kommentar:</b> Ein forretningsplan blir laga, men vi ser ikke dette som en naturleg del av planprogrammet etter plan- og bygningslova. Ikke tilrådd.</p>	<p>Taubaner blir ikke lengre konsejonsbehandla. Det er Statens jernbanetilsyn som først skal ha melding og seinare søker om driftstillatelse (Taubaneforskrifta§ 2.2). Melding blir først sendt etter eventuelt godkjent reguleringsplan, og er ikke naturleg del av planprogrammet. Ikke tilrådd.</p>	<p><b>Punkt 7:</b> En plan for opprettelse og håndtering av midler som må avsettes for å sikre mulighet for å tilbaketøre til naturtilstanden ved en eventuell konkurs eller lignende. (Tema 25)</p> <p><b>Kommentar:</b> Taubanelova har regelverk med krav om fjerning av taubane som ikke leverer i drift. Vi får ikke til tak som går ut over gjeldande lovverk.</p>	<p><b>Punkt 8:</b> Planprogrammet må ta hensyn til en rekke flere meldinger, planer og veiledere enn det som er tatt med i første utkast av planprogrammet. Avhengig av andre vurderinger må også flere lover tas med i beregningene. (Tema 26)</p>
--	--	---	--	--	---

	<p><b>Kommentar:</b> Nordplan takkar VoS for lenker til mange nyttige meldingar og handlingsplanar relevante for planarbeidet innanfor friluftsliv, reiseliv, natur m.v. Vi vil ta med oss desse vidare i planarbeidet. Det finst eit utal dokument som kan vere relevante for eit eller anna fagområde innan planområdet, og for at lista i kap 1.6.2 ikke skal gå over fleire sider, avgrensar vi den til lover, forskrifter og retningslinjer. Men vi vil heilt sikkert finne nyttig informasjon i dei dokumenta det er vist til.</p> <p><b>Punkt 9:</b> Det bør innhentes en vurdering av hvorvidt det er lovlig å etablere en taubane over allerede eksisterende boliger, samt tilføye tivilloven dersom Zip-lines skal inkluderes. (Tema 27)</p> <p><b>Kommentar:</b> <i>Tivilloven er lagt til under Lover i kap 1.6.2</i></p> <p>Etablering av ei gondolbane er omfatta av Taubanelova av 2017. Lova av 2017 har ein del endringar i forhold til Taubanelova av 1912, som m.a. hadde reglar for konsekjonsbehandling av tiltaket. Etter ny lov skal tiltaket inngå i reguleringsplan etter Plan- og bygningslova (Pbl), ein må ha byggeløyve etter Pbl og ein må soke om driftstillatelse etter Taubanelova med forskrifter.</p> <p>Taubanelova av 2017 § 26 har følgjande ordlyd: "Det er forbudt å oppføre en bygning eller annen installasjon, plante, grave ut eller fylle opp innenfor 20 meter regnet fra taubanens midtlinje. Dette gjelder ikke om det foreligger en avtale med taubanevirksomheten eller annet følger av reguleringsplanen."</p> <p>Taubanevirksomheten kan pålegge eieren av eller rettighetshaveren til en naboeiendom å fjerne trær og annen vegetasjon innenfor 20-metersgrensen etter første ledd dersom hensynet til taubanens eller</p>
--	---

	<p>omgivelsernes sikkerhet krever det. Hvis påleggget ikke følges, kan taubane-virksmåten selv fjerne vegetasjonen.</p> <p>Eieren eller rettighetshaveren har krav på vederlag etter skjønn for skader og ulemper som følger av tiltakene i andre ledd, og for eventuelle utgifter knyttet til dette."</p> <p>Nordplan AS har drøfta spørsmålet om det lovleg å etablere ei taubane over eksisterande bygg og bustadhus med Statens Jernbanetilsyn, som forvaltar loverket etter Taubanelova.</p> <p>Det korte svaret er at det er lovleg.</p> <p>Ved føring av taubane over bustadhus må det både i reguleringssplanen og ikke minst i søknad om driftstillatelse gjerast sikkerheitsanalyser som set krav til dømes til avstandar mellom gondol og bygverk ut frå brannføre, fare for isnedfall og anna risiko. Som det følger av tredje ledd i paragrafen, vil føring av bane over bustader også vere grunnlag for krav om kompensasjon.</p>	<p><u>Innhold planprogram:</u> Utgreiling av konsekvensar for dyr og fugl blir primært vurdert i eksternt rapport og konsekvensvurdering for naturmangfold, som ligg inne i planprogrammet. Derved ikkje behov for justering av planprogrammet. Vi takkar for informasjonen i innspelet frå foreininga, desse er sendt over til firma som vurderer naturmangfaldet.</p> <p><u>Øvrige kommentarar:</u> I planprosesen skal vi gi eit best mogleg svar på tilhøvet mellom gondolbane og jakt, vi kan sjå nærmare på maste-plassering når vi har eit utkast til dette frå prosjekterande på konstruksjonen.</p>
BO8 – 24.10.21  Sula jeger og fiskerforening v/Jan Egil Arnestad	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Småviltjakt: Korleis ser ein på jegere på jakt og møte med turistar med gondolbane?</li> <li>▪ Rype er hovudvilt som blir jakta på oppå fjellet</li> <li>▪ Orrfugl: Linjetrase går over kjente orrfugl leikar. Her må det utgreiast konsekvensar for orrfugl spel. Ønskjer opplysningar om tenkte mesteplasseringar</li> <li>▪ Hjort: Gondolen vil gå over jaktterrengr. Det må vurderast påverknad for hjorten sine trekkuter og korleis ein stiller seg til jakt i framtida dersom gondol blir etablert.</li> </ul>	

<p>B09 – 02.11.21 Møre og Fjordane heimeverndistrikt 11 v/Stig Hjellset</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ser ikkje noko umiddelbar interessekonflikt med gondol og deira aktivitet i området.</li> <li>▪ Ålesund heimevernsområde nyttar Langevåg skyttarlag sine lokale og skytebanefasilitetar, samt nærområdet som øvings- og treningsområde i periodar av året.</li> <li>▪ Dei reknar med at aktivitetten til Langevåg skytebane er kjend og at aktivitetten i regi av skyttarlaget er tatt med i konsekvensutredningane</li> <li>▪ Det viktigaste er at konsekvensen av tiltaket ikkje vil begrense moglegheita for å drive skyte- og øvingsverksemd på og i nærområdet til Langevågen skyttarlag sine anlegg.</li> </ul>	<p><u>Innhald planprogram:</u></p> <p>Nordplan AS ser heller ikkje nokon umiddelbar interessekonflikt mellom dagens bruks av skytebana og eventuell gondolbane, då planområdet held god avstand til den regulerte skytebana. Vi reknar ikkje med at ferdsel på dagens turvegar og -stiar er inne i faresona for aktivitet på skytebana. Skal dermed ikkje vere behov for justering av planprogrammet.</p>
---	--	---